Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44 | Fylke: Møre og Romsdal.

Tilleggsspørsmålnr. 8 | Herad: Vanylven.

Emne: Veving | Bygdelag: Sylte i Vanylven.

Oppskr. av: Hans Vidnes | Gard: Vidnes.

(adresse): Fiskåbygd. | G.nr. 24 Br.nr. 6.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både og.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Til jakke, vest og bukse var vadmål det vanlege. (uttala veimål her) Det hadde vanleg to trådar i tonna, fire skaft og vend. Til sjorter (vanleg farga raud og difor kalla „raudesjorte") brukte dei einskjefte. Det hadde ein tråd i tonna, 2 skaft og ikkje vend. Same slag bruka dei og til underbukser. Under raudesjorta hadde dei ei spøta ullsjorte. Karane hadde ikkje andre vovne klede.

Det som var føremålet med dei to slags vevnader var tjukkleiken, då vadmålet vart så mykje tjukkare.

Då det vart råd å kjøpe bommullstråd, brukte dei eine slags vevnad kalla dreielsvevnad til finare mannsklede. Både veft og varp var bommull, men kjenner ikkje vevemåten. (Brukt i Skodje?)

9854

2/ Til kvinneklær bruka dei
einskjefte. Det var tunnare enn
vadmål og såleis meir høveleg for
kvinner. Dei tok sitt att i lengda.
Her går eit herme i bygda etter
ein bonde som hadde jakt og
dreiv handel på Bergen. Han
sa til kjerringa som skulle
vera finare på det enn vanlege
bondekjerringar:
„Skutå mi kjeme si til
Bergen med 30 alner, men
med det kjeme ~~ik~~kje du di
til kjirkje". Og det var verkeleg
så at kjerringa trong meir
enn råjakta! Eg har og høyrt
hermet referert med 90 alner,
men det må vere feil. Alle
kvinnekleda var einskjefte, 4 stakkar,
snørliv, underliv, kvaftå o. s. v.
4-5. Til åklede og dukar bruka
dei ymse slags vevnad:
ringvend til dukar, helst.  -ringvend
tvistvevnad, gamalt namn, åklede
krokebragd — " — — " — — " —
smukkteppe — " — — " — — " —
Det har, sidan stampe- og
fargararbeidet vart nedlagt i bygdene,
vore skikk å sende vevane
til ein eller annen fabrikk
for å få dei stampa og
overskorne. No etter krigen
er her lita veving, det vantar
kvinnfolkhjelp på gardane.

9854
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING